



SIM - SVARTASMÅGET MILJØSENTRAL
Meatjønnsvegen 43
5412 Stord

Saksbehandlar, innvalstelefon
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

Endra løyve etter klagebehandling

Miljødirektoratet har fatta vedtak i klagesak om løyve til Sunnhordland interkommunale miljøverk – Svartasmåget miljøsentral. Klageorganet har vedteke tre endringar i løyveteksten. Fylkesmannen endrar med dette løyvet i samsvar med klageavgjerda. Vi har samstundes gjort språklege endringar i løyveteksten og presisert kva rammer som gjeld for mottak av avfall som ikkje skal deponerast. Eit eldre løyve til mottak av impregnert trevirke er teke inn i løyvet.

Vi viser til Miljødirektoratet sitt vedtak i klagesak datert 15.4.2020. Dokumentet følgjer med som vedlegg. Fylkesmannen sendte utkast til endringar i løyvetekst til Sunnhordland interkommunale miljøverk (SIM) den 3.11.2020. Vi har motteke svar på utkastet den 17.11.2020.

Endringar etter klagebehandling

Som vedlegg følgjer endra løyve. Vi har teke inn endringane frå vedtaket i Miljødirektoratet. Direktoratet har seinare avklart at SIM skal sjå vekk frå omtalen av avgrensingar i mottak av forureina muddermassar som omtalt i klageskrivet s. 7, kap. "Forureining i form av lukt, støv og biogassar", 3. punktum. Hovudregelen i avfallsforskrifta § 9-4, 1. ledd, bokstav a), underpunkt 2) gjeld.

Vi har samstundes gjort nokre endringar i utforming av løyveteksten, retta skrivefeil og oppdatert med årsrammer i samsvar med føringar for anlegg som er omfatta av vedlegg 1 til kap. 36 i forureiningsforskrifta. Vi har sett inn same rammer som Sunnhordland interkommunale miljøverk iks (SIM) har for anlegget på Heiane i Stord kommune. Det eldre løyvet til mottak av impregnert treavfall er no oppheva og innhaldet teke med som del av dette løyvet.

Etter tilsyn på Svartasmåget miljøsentral i haust vart det konstatert at anlegget ikkje har kapasitet til å handtere mengder som no vert teke i vare på SIM sitt anlegg på Heiane utan tiltak. Det har heller ikkje vore aktuelt å ta i mot slike mengder etter at Heiane vart bygt. Løyvet vart likevel opphavgitt utan ramme, og vi har ikkje meint å endre reelt innhald i eksisterande løyvet ved denne utskrivinga.



På framsida er det lagt inn ny referanse til anleggsnummer i den nasjonale forvaltningsdatabasen over avfallsverksemder og det er lagt inn ny kategori 5.5 etter lista i vedlegg 1 til kap. 36 i forureiningsforskrifta.

I samsvar med dykkar svar har vi lagt inn gbnr. 52/71. Arealet vert i dag vesentleg nytta for komposteringsanlegget, men også for aktivitetar som vert omfatta av vedlagte løyve. Vi har desse kommentarane til andre merknader:

Overskrift på løyvet skal vise at det er verksemda på det avsette arealet som har løyvet. Overskrifta er no i samsvar med vanleg utforming på tilsvarande anlegg i dag.

Alle avfallsanlegg skal ha ramme for årleg mengd motteke avfall og maksimal mengd samtidig lagra avfall. Ramma skal vise miljøet rundt anlegget potensialet for påverknader. Vi har vald å ikkje avgrense ramma i samsvar med kva anlegget i dag reelt handterer, men gje same ramme som for anlegget på Heiane i Stord – i samsvar med ønskje frå SIM. Årsaka er at opphavleg løyve vart gitt utan ramme, og at det difor kan ha vore grunn til å tru at den til ei kvar tid galdt verksemda sine behov – også ved auka aktivitet. Anlegget på Heiane tok over dei fleste av aktivitetane (utanom deponi og kompostering) som tidlegare var på Svartasmoget, og slik aktivitet er no reelt mykje mindre på Svartasmoget enn i oppgitt ramme. Dersom verksemda vil nytte Svartasmoget til handtering av endå større mengder som omtalt i dykkar tilsvar, må de søkje om auka ramme. Dersom årsrapportering av mengder viser at anlegget driv mykje mindre enn det er gitt ramme for over tid, vil ramma måtte reduserast ved nytt vedtak av Fylkesmannen. Årsaka er mellom anna at miljøet har krav på å ha oppdatert informasjon om storleiken på anlegget, og at anna ramme vil føre til endra miljøpåverknader.

Vi er ikkje samd i oppfatninga av at mengd samtidig lagra impregnert treavfall er redusert. Opphavleg ramme var på 90 tonn, og dette er vidareført i dette løyvet. I tillegg er det ikkje avgrensingar i type avfall, slik at årsramme for impregnert treavfall kan verte høgare enn tidlegare – dersom lagring av anna avfall samtidig sikrar at totalramma vert stetta.

Løyvet tillet lagring av utsorterte avfallsfraksjonar uavhengig av om dei er plastomvikla (ballepressa) eller ikkje.

Dersom verksemda har behov for andre endringar, må det søkjast om på vanleg måte. Ved eventuell revisjon av løyvet i samband med vurderingar av BAT-tilpassingar (jf. orientering sendt 2.10.19 og dykkar førebelse svar 27.11.19) vil vilkår verte vurdert mellom anna på bakgrunn av behov for årsrammer.

Oppheving av løyve datert 17.6.2003

Vi viser til varsel i vedlegg til brev datert 3.11.2020 om innlemming av løyvet til mottak og mellomlagring av impregnert trevirke. Det separate løyvet frå 2003 er openbert unødvendig og innhaldet er dekt av vilkåra i vedlagte løyvet og vedlegg 4 til kap. 11 i avfallsforskrifta. SIM har stilt spørsmål om opphevinga vil redusere ramma for mottak og mellomlagring av slikt avfall. Etter vårt syn er det ingen innskjerping eller utviding av rettigheter eller pliktar for verksemda ved å ta innhaldet inn i vedlagte løyvet. Løyvet vert med dette oppheva i samsvar med § 18, 1. ledd pkt. 4 og 3.ledd.



Oversendingsbrev

Vedtaket om løyve og oversendingsdokumentet datert 30.11.2018 gjeld framleis i tillegg til nytt løyvedokument. Dokumentet følgjer med som vedlegg.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Gøsta Hagenlund
sjefingeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

1. Endra løyve til SIM på Svartasmoget, 20.11.2020
2. Fylkesmannen sitt vedtak og oversendingsbrev datert 30.11.2018
3. Miljødirektoratet si klageavgjerd datert 15.4.2020

Kopi til:

Tor Arne Øvestad	Prestheiveien 62	4325	Sandnes
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, Svartasmåget miljøsentral i Fitjar kommune

Løyvet er endra i medhald av forureiningslova § 18, jf. §§ 11, 16 og 29. Løyvet er endra etter klageavgjerd 15.4.2020. Løyvet datert 17.6.2003 (om impregnert tre) vert med heimel i forureiningslova § 18, 3.ledd oppheva (vilkår teke inn i dette løyvet). Vilkåra er gitt på side 4 til og med side 11.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom verksemda ønskjer endringar i drifta som kan ha miljømessig verknad må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen på førehand.

Data om verksemda

Verksemd	Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS, Svartasmåget miljøsentral
Lokalisering/gateadresse	Svartasmoget
Gards- og bruksnr.	50/190, 52/71 og 52/68
Postadresse	Meatjønnsv. 43, 5412 Stord
Kommune og fylke	Fitjar, Hordaland
Org. nummer (bedrift)	973 793 268, eigd av 958 284 837
NACE-kode og bransje	38.2 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall
Deponikategori	Kategori 2 ordinært avfall og kategori 3 inert avfall
Kategori for verksemda ¹	5.4 Deponi som tek imot over 10 tonn avfall per dag eller med total kapasitet på meir enn 25 000 tonn 5.5 Mellombels lagring av farleg avfall

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Saksnummer	
2009.0124.T	4615.0010.05 (deponi) 4615.0044.02 og 4615.0043. 02 (mottaksanlegg)	2018/1563	

Løyve gitt første gang: 07.04.1995	Løyve sist revidert i medhald av fl § 18, 3. ledd: 29.6.2009	Løyve sist endra: 20.11.2020
Sissel Storebø seksjonsleiar		Gøsta Hagenlund sjefingeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>		

¹ Jf. forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) kapittel 36 om behandling av tillatelser etter forurensningsloven, vedlegg 2

Endringslogg

Endring av	Punkt	Omtale
30.11.2018	Framsida 2.1 2.3 a) 2.4 d) 4.3 7 8.2 8.4 9	<ul style="list-style-type: none"> • Oppdatert og lagt til endringslogg • Retta opp feil tilvising • Lagt til forureina muddermasse • Endra krav til mottak av forureina jord og fjerna vedlegg A. Lagt til krav til forureina muddermassar. • Fjerna utgått frist, oppdatert tilvising til BAT i forskrift og fjerna vedlegg B om BAT • Oppdatert tilvisingar • Fjerna utgått tidsfrist • Oppdatert tilvising, fjerna krav til rapportering i tråd med utgått rettleiar og lagt inn krav til registrering i databasen vannmiljø • Fjerna tilvising til utgått rettleiar og utgått frist
20.11.2020	Generelt Framsida 1.1 6.1 6.2 7 8.6	<ul style="list-style-type: none"> • Retta skrive- og formateringsfeil • Endra overskrift, lagt inn anleggsnummer og endra gards- og bruksnummer • Lagt inn rammer for mottak av avfall utanom deponi og biologisk behandling • Lagt til "fritidsbustader" i først avsnitt. Nytt siste avsnitt • Presisert at program mot skadelege artar gjeld både dyr og plantar • Teke vekk tilvising til løyvet frå 17.6.2003, og presisert at mottaksløyvet omfattar både ordinært og farleg avfall • Presisert at årsrapport skal omtale eventuelle klagar på lukt

Innhald

INNHALD	3
1. GENERELLE VILKÅR	4
1.1. KVA LØYVET GJELD	4
1.2. PLIKT TIL Å REDUSERE FORUREINING SÅ LANGT SOM MOGELEG	4
1.3. TILTAK VED AUKA FORUREININGSFARE.....	4
1.4. EIGARSKIFTE.....	4
1.5 TILSYN	4
2. MOTTAK OG DEPONERING AV AVFALL	4
2.1. REGISTRERING OG KONTROLL VED MOTTAK AV AVFALL	4
2.2. BEHANDLING AV AVFALL FØR DEPONERING	5
2.3. AVFALL SOM KAN DEPONERAST	5
2.4. SÆRSKILTE KRAV TIL DEPONERINGA.....	5
3. DRIFT	6
3.1. OPPFYLLING.....	6
3.2. TRINNVIS AVSLUTNING	7
3.3. ENDELEG AVSLUTNING OG ETTERDRIFT	7
4. SIGEVATN	7
4.1. TILTAK FOR Å REDUSERE SIGEVASSMENGDA.....	7
4.2. TILTAK MOT UTLEKKING AV SIGEVATN	7
4.3. SIGEVASSHANDTERING	8
5. DEPONIGASS	8
6. NÆRMILJØ	8
6.1. LUKT	8
6.2. FLYGEAVFALL, STØV OG SKADEDYR	9
6.3. STØY	9
7. MELLOMLAGRING OG BEHANDLING AV AVFALL	9
8. INTERNKONTROLL, MILJØOVERVAKING OG RAPPORTERING	10
8.1. INTERNKONTROLL.....	10
8.2 MILJØOVERVAKINGSPROGRAM	10
8.3. OVERSIKT OVER DEPONIUTVIKLING OG VASSBALANSE	10
8.4. OVERVAKING AV SIGEVATN, OVERFLATEVATN OG GRUNNVATN	10
8.5 OVERVAKING AV DEPONIGASS	11
8.6. RAPPORTERING	11
9. FINANSIELL GARANTI	11

1. Generelle vilkår

1.1. Kva løyvet gjeld

Løyvet er gitt til Sunnhordland Interkommunale Miljøverk, Svartasmåget miljøsentral (SIM) og gjeld deponi for avfall i kategori 2 - deponi for ordinært avfall og kategori 3 - deponi for inert avfall, jf. avfallsforskrifta § 9-5, på Svartasmoget i Fitjar kommune på nærare fastsette vilkår.

Løyvet gjeld ei årleg mengd avfall deponert på 70.000 tonn. Løyvet gjeld inntil tilgjengeleg deponivolum er fylt opp. Tilgjengeleg deponivolum følgjer av avgrensingar fastsett i godkjent reguleringsplan for området.

Løyvet gjeld også mottak, lagring og behandling av avfall som ikkje skal til deponi eller biologisk behandling på dette området. Løyvet gjeld for mottak av inntil 30 000 tonn avfall per år. Mengd avfall skal ikkje på noko tidspunkt overstige 3 660 tonn. Grensa gjeld samla for avfall som er lagra før behandling, avfall som er under behandling og ferdig behandla avfall.

1.2. Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa ligg innanfor rammene av løyvet, er verksemda plikta til å redusere sine utslepp, inkludert støy og lukt, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar det ikkje er sett spesifikke grenser for. Dette gjeld særskilt for utslepp av prioriterte stoff, sjå [prioritetslista på Miljøstatus i Noreg](#).

1.3. Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgjer av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendig for å fjerne eller redusere den auka forureiningsfaren, også om nødvendig redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen, kommunen og naboar om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining av 9.7.1992. Ved akutt forureining skal Fylkesmannen også varslast.

1.4. Eigarskifte

Dersom verksemda vert overført til ny eigar, skal melding sendast til Fylkesmannen så snart som mogeleg og seinast 1 månad etter eigarskiftet.

1.5 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmaktene eller dei som denne har gitt mynde, føre tilsyn med anlegga til ei kvar tid.

2. Mottak og deponering av avfall

2.1. Registrering og kontroll ved mottak av avfall

Alt avfall som vert deponert skal registrerast, loggførast og vegast før deponering jf. § 9-12 i avfallsforskrifta. Registreringa skal vere tilpassa styresmaktene sine krav til rapportering.

Det skal gjennomførast kontroll av alt avfall som taksast i mot. Kontrollen skal klarleggje om forskrifta sine krav til behandling av avfallet er oppfylt før deponering, og om innhaldet i avfallet er i strid med løyvet eller interne retningslinjer for kva som kan takast imot. Mottakskontrollen skal minimum følgje krava fastsett i avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II.

Verksemda skal føre stikkprøvekontroll utover dette, der det er mistanke om at avfallet kan innehalde farleg avfall eller anna avfall i strid med avfallsforskrifta kapittel 9 og dette løyvet.

Ein tilfredsstillande mottakskontroll føreset kompetanse om kva som er farleg avfall og korleis dette skal handterast. Krava om kompetanse gitt i vedlegg 3, punkt 6.1 i kapittel 11, om farleg avfall i avfallsforskrifta gjeld for mottak av avfall på anlegget.

2.2. Behandling av avfall før deponering

Alt avfall skal vere behandla før deponering jf. avfallsforskrifta § 9-6. Behandlinga skal sikre at innhald av organisk materiale i avfallet ikkje overstig forskrifta sine krav til maksimum innhald, jf. kriteria i vedlegg II til kapittel 9 i Avfallsforskrifta.

2.3. Avfall som kan deponerast

Løyvet omfattar inert avfall, ordinært avfall og dessutan eigna farleg avfall som kan vurderast deponert etter kriteria i § 9-6, 3. ledd, punkt b) i avfallsforskrifta. Total mengd avfall til deponi skal ikkje overskride 70.000 tonn pr år.

Avfallet skal oppfylle mottakskriteriene i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg II om samansetjing, utlekkingspotensial, miljøverknader og andre eigenskapar for deponiet på kort og lang sikt.

Løyvet er avgrensa av §§ 9-4 og 9-6 i avfallsforskrifta og gjeld følgjande avfallstypar:

a) Ordinært avfall

- restavfall frå hushald og næring
- ristgods og sand frå sandfang ved avløpsreinseanlegg
- kompostert materiale og stabilisert rest frå biogassanlegg som ikkje tilfredsstillar lågaste kvalitetskrav for omsetjing etter gjødselvereforskrifta
- botnoske og slagge frå forbrenning
- forureina jord og forureina muddermasse

b) Farleg avfall

Farleg avfall som er stabilt og ikkje reaktivt, jf. § 9-6, 3.ledd, punkt b, og tilfredsstillar grenseverdier i punkt 2.3.1 og 2.3.2 i vedlegg II til avfallsforskrifta.

2.4. Særskilte krav til deponeringa

a) Farleg avfall med utlekkingssegenskapar tilsvarande ordinært avfall

Avfallet skal deponerast i eigne celler som er sett av til dette føremålet. Cellene skal vere målt opp og merkt på kart. Avfallet skal vere deklarerert i samsvar med reglane i avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall. Det skal vere etablert rutinar som sikrar at deponiet fører kontroll med dette og at vidare deklarasjon skjer på forskriftsmessig måte.

b) Ristgods frå avløpsreinseanlegg (EAL 190801/190802)

Avfallet skal vere avvatna før deponering og skal straks overdekkast.

c) Gips

For å hindre lukt frå deponiet, skal gipsavfall berre deponerast i celler utan biologisk nedbrytbart avfall, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II.

d) Forureina jord og forureina muddermasse

Totalkonsentrasjonar av nokon stoff i forureina jord og forureina muddermasse til deponi skal ikkje overskride grensa for farleg avfall etter avfallsforskrifta kapittel 11 vedlegg 2.

Før mottak av forureina jord og forureina muddermasse skal avfallet sine eigenskapar som har følgjer for deponiet på kort og lang sikt, vere kjent i størst mogleg grad, jf. avfallsforskrifta kapittel 9 vedlegg II. På bakgrunn av denne informasjonen og tilhøve på deponiet skal det gjerast ei risikovurdering. Risikovurderinga må innehalde ei vurdering av spreiiingsfaren for innhaldet av forureiningar. Mobiliteten av stoffa må sjåast i samanheng med den aktuelle mengda. Vidare må det vurderast om mottak av massar kan påverke utsleppet frå deponiet, reinseanlegget eller føre til lukt. Om nødvendig må verksemda gjere risikoreduserande tiltak.

3. Drift

3.1. Oppfylling

Avfallet skal deponerast i celler og slik at det arealet som er i bruk vert så lite som mogleg. Kvar celle skal avsluttast og dekkast over før ei ny celle vert starta på, jf. krav til trinnvis avslutting i vilkår 3.2.

Oppfyllinga av deponiet skal gjennomførast etter ein særskilt oppfyllingsplan for heile deponiet si driftstid fram til avslutting. Oppfyllinga av deponiet skal utførast slik at det sikrar stabilitet i avfallsmassane og sikrar effektiv oppsamling av sigevatn og deponigass.

Deponert avfall skal komprimerast og dekkast til etter behov. Både komprimeringsgrad og frekvens på tildekkinga av avfallet må vere tilpassa avfallstype og risiko for miljøulemper, deponiet sin gassproduksjon og klimatiske tilhøve og skal vere konkretisert i verksemda sine driftsrutinar.

Massar som vert brukt til midlertidig tildekking av avfallet skal vere eigna til føremålet. For å hindre at det oppstår tette barrierar for vassgjennomstrøyminga nede i deponiet, må massane ha tilstrekkeleg høg permeabilitet. Mengd og type tildekkingsmasse skal registrerast, og avfall som vert brukt til overdekking skal rapporterast som deponert.

For å unngå samling av vatn på deponioverflata, skal det regelmessig gjerast registreringar og utbetringar av setningar i deponiet, både under aktiv drift og i etterdriftsfasen.

3.2. Trinnvis avslutning

Cellene skal avsluttast på ein slik måte at det hindrar erosjon og sikrar optimal nedbryting av avfallet. Overdekkinga skal vere eigna til å hindre utslepp av gass både av omsyn til klima og lukt. Det skal finst dokumentasjon på val av toppdekke.

Celler utan organisk avfall, men med risiko for utvasking av forureinande stoff, skal ha eit toppdekke med tettingslag av mineralsk materiale med ein hydraulisk konduktivitet på 1×10^{-9} m/sek eller lågare, eller ein kunstig membran.

3.3. Endeleg avslutning og etterdrift

Den ansvarlege for løyvet har ansvar for etterdrift av anlegget og installasjonar i minst 30 år etter avslutning.

Utforming av toppdekket skal hindre erosjon og sikre optimal nedbryting av avfallet. Overdekkinga skal vere eigna til å hindre utslepp av gass både av omsyn til klima og lukt, samtidig som utvasking av avfallet vert avgrensa til eit minimum, og menneske og dyr skal ikkje kome i kontakt med avfallet. Det skal ligge føre dokumentasjon på val og utforming av toppdekket.

Seinast 1,5 år før avslutning av deponiet skal verksemda legge fram ein plan for endeleg avslutning og etterdrift. Se TA-1951 "Veileder til deponiforskriften" punkt 5.7 om innhald i avslutnings- og etterdriftsplan.

På bakgrunn av sluttinspeksjonen i samsvar med avfallsforskrifta § 9-15, og på bakgrunn av framlagt avslutningsplan, kan Fylkesmannen fastsette ytterlegare vilkår for avslutting og etterdrift.

4. Sigevatn

4.1. Tiltak for å redusere sigevassmengda

Det skal leggest til rette for at det dannar seg minst mogleg sigevatn i deponiet utover den vassmengda som trengst for å oppretthalde gassproduksjon. Alt sigevatn skal samlast opp.

Verksemda skal ha kontroll med innsig og inntrenging av grunn- og overflatevatn og om nødvendig setje i verk tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet. Reint overflatevatn frå tilstøytande areal eller innsig av reint grunnvatn skal ikkje førast til sigevassnettet, men leiast separat utanom deponiet.

Det skal også vere kontroll med inntrenginga av nedbør i deponiet. Deponiet sitt nedbørsfelt skal avgrensast ved midlertidig avskjering av det aktive arealet som er ope for deponering.

Oppsamlinga av sigevatnet og effekt av tiltak for å redusere vassinntrenginga til deponiet skal dokumenterast gjennom overvakingsprogrammet og vassbalanseutrekningar, jf. punkt. 8.2 og 8.3 i løyvet, og skal inngå i miljøovervakingsprogrammet, jf. punkt 8.5.

4.2. Tiltak mot utlekking av sigevatn

Deponiet skal oppfylle krava til botntetting i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg I, punkt 3.

Fylkesmannen har i brev av 17.2.2005 gitt dispensasjon frå kravet til dobbel botn- og sidetetting for eksisterande deponiareal etter ei miljørisikovurdering.

4.3. Sigevasshandtering

Sigevatn frå alle deponiceller, anten dei er i bruk til deponering av avfall eller er avslutta deponiareal, skal samlast opp. Oppsamlingsystemet skal haldast vedlike for å hindre groe og tilstopping.

Sigevatnet skal reinsast lokalt, i samsvar med prinsippet om beste tilgjengeleg teknikk (BAT), sjå forureiningsforskrifta kapittel 36, vedlegg II.

Sigevatn skal sleppast ut gjennom eksisterande sigevasseledning på 70 meter djup. Utsleppet skal vere utforma slik at sigevatn ikkje har gjennomslag til overflata og plasserast på bakgrunn av faglege vurderingar av straumtilhøva i utsleppsområdet.

5. Deponigass

Deponigass skal samlast opp for energiutnytting, alternativt fakling, frå alle deponiceller med signifikant gassproduksjon, både i drifts- og etterdriftsperioden. Oppsamlingsanlegget skal dimensjonerast, byggjast og drivast for eit miljømessig optimalt gassuttak, tilpassa deponiet sin storleik og venta/utrekna gasspotensial.

Verksemda skal ha regelmessig kontroll med diffuse utslepp av deponigass og gassuttaksanlegget sin effektivitet. Det skal setjast i verk avbøtande tiltak for å sikre lågast mogeleg utslepp til luft.

Verksemda skal regelmessig evaluere effektiviteten til gassuttaket frå deponiet og vurdere behov for oppgraderingstiltak. Vurderinga skal også omfatte potensialet for nye energiføremål eller energiutnytting av deponigassen.

6. Nærmiljø

Verksemda skal utarbeide driftsrutinar som sikrar at nærmiljøulempene som følgje av deponidrift og annan aktivitet på anlegget vert redusert til eit minimum.

6.1. Lukt

Lukt frå avfallsanlegget skal til ei kvar tid vere så lite at bustadområde, fritidsbustader og offentlege områder ikkje vert nemneverdig sjenert.

Anlegget skal drivast slik at reduksjon av lukt er ein driftsparameter.

Verksemda skal ha oversikt over kva for delar av drifta som fører til lukt, og vurdere og setje i verk nødvendige tiltak for luktreduksjon. Luktrisikovurdering og spreingsanalyse skal gjennomførast om nødvendig. Effekten av gjennomførte tiltak og trong for nye må vurderast fortløpande.

Verksemda skal registrere klagar på lukt og rapportere omfanget til Fylkesmannen som ein del av årsrapporteringa.

6.2. Flygeavfall, støv og skadedyr

Flygeavfall og støv frå deponiet skal avgrensast mest mogleg. Om nødvendig må verksemda gjere støvreduserande tiltak og sørge for opprydding av flygeavfall i ròka område.

Verksemda skal gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre spreining og etablering av framande, skadelege artar. Risikoen for spreining av framande skadelege artar skal inngå i miljørisikovurderinga, jf. www.artsdatabanken.no.

6.3. Støy

Verksemda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utrekna som fritt feltsverdi ved mest støyutsett fasade:

Tabell 1: Støygrenser

Dag (kl. 07-19) L _{pAekv12h}	Kveld (kl.19-23) L _{pAekv4h}	Natt (kl. 23-07) L _{pAekv8h}	Natt (kl. 23-07) L _{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå verksemda sin ordinære aktivitet, inkludert intern transport på området og lossing/lasting av avfall. Støy frå midlertidig bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemdas tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

7. Mellomlagring og behandling av avfall

Løyvet omfattar drift av

- Omlastingsanlegg for hushalds- og næringsavfall, inkludert farleg avfall
- Kverning av trevirke og restavfall
- Sorteringsplass for avfallskontroll og blanda avfallsfraksjonar
- Mellomlager av utsorterte avfallsfraksjonar og plastomvikla restavfall i påvente av vidare levering til slutthandsaming.
- Gjenbruksstasjon for hushald og næringsverksemd, inkludert farleg avfall

I tillegg gjeld følgjande for verksemda:

- Mottak for farleg avfall: jf. avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 3. Standardiserte krav for kommunale mottak
- Løyve etter forureiningslova til drift av avfallsanlegg for Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (gjeld forureining frå mottak, lagring og behandling av organisk avfall som er eigna til kompostering) dagsett 12.12.2016

Driftsprosedyre og risikovurdering for desse aktivitetane skal inngå i verksemda sin internkontroll.

For alle aktivitetane, skal verksemda vurdere og setje i verk dei tiltaka som er nødvendig for å sikre at handtering og lagring ikkje fører til uakseptable utslipp til luft, jord og vatn eller ulemper for nærmiljøet.

8. Internkontroll, miljøovervaking og rapportering

8.1. Internkontroll

Verksemnda pliktar å etablere internkontroll for si verksemd i samsvar med "forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter" (Internkontrollforskrifta). Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at verksemnda held krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemnda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemnda plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne greie ut om risikoforhold.

Det skal vere etablert prosedyrar og rutinar for drift, vedlikehald, kontroll og overvaking av deponiet i driftsfasen. Desse skal sikre at krava i avfallsforskrifta og dette løyvet vert halde.

8.2 Miljøovervakingsprogram

Verksemnda skal til ei kvar tid ha oppdatert miljøovervakingsprogram som tek i vare vilkåra om overvaking i punkta 8.3, 8.4 og 8.5 i dette løyvet, medrekna eventuelle tillegg som verksemnda sjølv meiner det er behov for. Gjeldande program skal sendast til Fylkesmannen.

8.3. Oversikt over deponiutvikling og vassbalanse

Verksemnda skal årleg lage ein oversikt over deponiet si utvikling. Oversikten skal vise kor mykje areal som er tatt i bruk, avfallsvolum og avfallssamansetting, deponeringsmetodar, varigheit av deponeringa og deponiet sin attverande kapasitet.

Verksemnda skal ha vassbalanserekneskap for siste kalenderår.

8.4. Overvaking av sigevatn, overflatevatn og grunnvatn

Verksemnda skal ha eit overvakingsprogram for sigevatn, overflatevatn og grunnvatn i tråd med krava i avfallsforskrifta kapittel 9, vedlegg III og Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077, rettleiar om overvaking av sigevatn frå avfallsdeponi. Programmet skal utarbeidast med bakgrunn i tidlegare overvakingsresultat frå deponiet og klarlegge avgrensinga av deponiet sitt påverknadsområde. Overvaking av reinseprosess og reinseeffekt for reinseanlegget skal inngå i overvakingsprogrammet

Programmet og eventuelle justeringar av dette skal vere godkjent av Fylkesmannen. Verksemnda har ansvar for å sjå til at overvakingsprogrammet er tilstrekkeleg til å klarleggje eventuelle uakseptable utslepp frå deponiet til omgjevnadane.

Sjøresipient skal undersøkast minst kvart 5. år. Program for undersøkingane skal leggjast fram for Fylkesmannen i god tid før den skal gjennomførast. Hovudvekta skal leggjast på målbare miljøgifter i botnsediment, botnfauna og fauna og flora i strandsona. Data som vert framskaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen Vannmiljø. Data skal leverast på importformatet til Vannmiljø, som er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk.

8.5 Overvaking av deponigass

Overvaking av deponigassuttak og gasslekkasje skal vise om nedbrytingsprosessane i deponiet fungerer som ønskt, og skal brukast til å optimalisere uttak av gass og redusere lukt frå deponiet.

Det skal gjennomførast regelmessig overvaking av gasslekkasje frå deponiet si overflate. Val av måleparameter skal inngå i overvakingsprogrammet.

Uttak av deponigass og innhald av metan skal målast kontinuerleg. Måling av deponigassen sitt innhald av metan, temperatur og opphaldstid i forbrenningskammeret skal inngå i overvakingsprogrammet. Fylkesmannen vil vurdere å setje meir spesifikke krav til måling av samansetjinga av deponigassen og utslepp frå fakkelen.

Overvakinga av deponigassuttaket skal elles vere tilpasse krava til rapportering jf. vilkår 8.6 i dette løyvet.

8.6. Rapportering

Registrering og kontroll av motteke avfall, eventuelle luktklagar og overvakingsdata etter vilkår 8.2 i dette løyvet skal rapporterast til forureiningsstyresmaktene i samband med årleg eigenrapportering med frist 1. mars, jf. avfallsforskrifta § 9-13. Rapporteringa skal skje via det elektroniske rapporteringssystemet Altinn.

I tillegg til rapporteringa på Altinn, skal verksemda kvart år innan 1. mars sende til Fylkesmannen ei samanstilling av overvakingsresultata, status i høve til krava i løyvet og vurdering av behov for tiltak.

Vurderinga skal minst omfatte følgjande punkt;

- sigevatn, grunnvatn og overflatevatn
- lukt og deponigass frå deponiet
- mottakskontroll
- avvik og risikovurdering med følgjer for ytre miljø

Resultat av all overvaking skal vurderast av personar med kompetanse på området. Dersom vurderingane viser at det er behov for tiltak for å overhalde krava i dette løyvet, må verksemda utbetre tilhøva så snart som mogeleg.

Rapporten skal leggest ved som vedlegg i Altinn.

9. Finansiell garanti

Verksemda skal ha ei tilfredsstillande finansiell garanti eller anna tilsvarande sikkerheit for deponiet, for å sikre at pliktene som følgjer av dette løyvet og avfallsforskrifta § 9-10 vert stetta.